

Felleskap i lek og læring

Spesialpedagogikk i et inkluderingsperspektiv



Støtte til deltakelse

3.1



Støtte til deltakelse

Innen en sosiokulturell forståelsesramme skjer barns læring og utvikling gjennom relasjonsbygging og samhandling med andre, både voksne og jevnaldrende. Vygotsky benytter begrepet barnets «nærmeste utviklings- sone» for å beskrive det barnet kan mestre med hjelp fra en «mer kompetent» person, som både kan være andre barn og voksne i barne- hage og skole. De følgende fem kapitlene gir eksempler på praksiser som legger til rette for at barn med særlige behov kan delta i inkluderende læringsfellesskap sammen med jevnaldrende.

Anne-Merete Kleppenes:

Kommunikasjon på ulike arenaer

Med utgangspunkt i Immanuel, 14 år, og noen av hans kommunikasjonspartnere, synliggjør Anne-Merete hvorfor det er viktig at personer som benytter alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK), får mulighet til å kommunisere med ulike personer på ulike arenaer.

Kommunikasjon på ulike arenaer

I dette kapitlet vil eg vise kvifor det er viktig at personar som nyttar alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), får høve til å kommunisere med ulike personar og på ulike arenaer. For å belyse dette tar eg utgangspunkt i Imanuel på 14 år og nokre av kommunikasjonspartnarane hans frå tre ulike arenaer.

Anne-Merete Kleppenes

Imanuel er eg blitt kjend med gjennom arbeidet mitt i Statped, der eg har vore rådgjevar på fagområdet ASK i mange år. Imanuel kan ikkje snakke noko særleg ved hjelp av talespråk. Han kan seie nokre lydar og ord. For eksempel seier han *ja, nei, mamma* og ein del bokstavlydar. Han ropar når han er glad. Han kan også nokre handteikn, og han har eit godt utvikla kroppsspråk. Problemet er at han ikkje kan formidle så mykje om kva han har gjort eller det han tenker på, gjennom kroppsspråk. For tre år sidan fekk han eit kommunikasjonsmiddel, ei Minspeak-talemaskin, og ved hjelp av den kan han uttrykke seg meir presist.

Nokre månader etter at Imanuel fekk kommunikasjonsmiddelet sitt, var han på ein kontroll på sjukehuset. Legen hadde han vore hos mange gongar, men dei hadde aldri tidlegare hatt ein samtale. No kunne dei ha det, og legen spurde mellom anna om kva Imanuel likte, og kva han skulle etterpå. Til slutt sa legen med ivrig stemme: «Imanuel, dette er jo fantastisk! Du kan jo snakke med meg! Og du, jeg er jo lege og professor, og jeg har studenter, mange studenter. De må få hilse på deg. Kan du bli med meg på en forelesning, så du kan snakke med dem?»

Imanuel trykker på talemaskina si, og så kjem det: «Nei, takk!»

For meg handlar inkluderande fellesskap om dette. At Imanuel, eller andre, kan sette eigne grenser, og bli lytta til og høyre til, uansett kven dei er saman med. Å delta og påverke, uavhengig av arena. I barnekonvensjonen artikkel 12 står det at alle barn skal få seie meininga si og bli lytta til. Det kan vere på skulen med lærarar og medelevar eller heime med foreldre og søsken. Det kan også vere på fritida og på dei aktivitetane barna deltar på. Sjølv om det ikkje alltid blir slik som barnet vil, skal dei få uttrykke seg (Regjeringa, 2003).

Eg har snakka med nokon som Imanuel likar å kommunisere med, og som likar å snakke med han. Det er to vennar og vernepleiaren på skulen, ein lege og ein frisør. Eg har fått kontakt med kommunikasjonspartnarane gjennom mor til Imanuel. Både dei og Imanuel veit at tida eg har vore saman med dei, intervju og samtalane vi har hatt, blir nytta som grunnlag for innhaldet i dette kapitlet. Informantane og familien til Imanuel har fått tilbod om å lese kapitlet, og dei har fått moglegheit til å komme med innspel til teksten.

Kapitlet består av to delar. Først kjem ein teoretisk del som kort gjer greie for kva ASK er, og belyser korleis kommunikasjon, språk, språkmiljø og kommunikasjonspartnarar er viktig for utvikling, læring og deltaking. Deretter presenterer eg Imanuel og korleis eg har gått fram for å hente inn informasjonen som eg presenterer mot slutten. Det eg hentar ut frå intervjuet, har eg henta ut for å løfte fram kva betydning det kan ha for personar som brukar ASK, å kunne delta på ulike arenaer.

Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

Personar som Imanuel, som ikkje har eit funksjonelt talespråk, treng tilgang til, og opplæring i, alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) for å kunne gje uttrykk for meiningar, tankar og kjensler. Nokre treng ASK heile livet, medan andre treng det i avgrensa tid eller i spesielle situasjonar. Felles for alle som treng ASK, er at talespråket ikkje strekk til i ansikt-til-ansikt-kommunikasjon (Tetzchner & Martinsen, 2002). Dei fleste personar som brukar ASK, har norsk som språk, men dei er avhengige av å ha ein annan måte å uttrykke seg på. Alternativ til talespråk kan til dømes vere handteikn, grafiske symbol eller skrift. Personar med behov for ASK bør få tilgang til dette så raskt som mogleg etter at behovet er identifisert (Eberhart et al., 2017).

Både personen som har behov for ASK, og miljøet rundt har behov for opplæring i å bruke ASK. Korleis opplæringa skal gjennomførast, er avhengig av både individuelle og miljømessige forhold. Målet er å legge til rette for at personen har ein måte å ta kontakt med andre på, og at personen kan uttrykke det han eller ho vil. Kommunikasjon er viktig for autonomi, sosial deltaking, læring og utvikling, utdanning og arbeidsliv og for inkludering (Vartun, 2018). Inkludering er ikkje berre eit ideologisk mål, det er òg ein reiskap for å fremje utvikling. Dette er

basert på ei tru på at deltaking i ulike sosiale og kulturelle aktivitetar fremjar språkutvikling (Dahl Rasmussen, 2015).

Språk er ein nøkkel til læring. Gjennom språket får vi tilgang på kunnskap, og vi får vist kva vi kan. Vi styrker sosiale relasjonar og utviklar oss både sosialt og psykisk gjennom å bruke språket. Deltaking i daglege aktivitetar og samspel med jamaldrande, på leikeplassen, i friminuttet eller i klasserommet, gjev tilgang på språket, men òg språklege modellar og høve til å øve seg i kommunikasjon (Vartun, 2018). Kommunikasjon ved hjelp av ASK og opplæring i bruk av ASK er ei oppgåve for skulen (Opplæringslova, 1998, § 2-16). Men, det er òg ei oppgåve for andre arenaer. Ein lærer språk i alle i naturlege settingar, og det å kunne lære på ulike arenaer er vist å vere sentralt for god utvikling (Lund & Light, 2007, Eberhart et al., 2017, Sennot et al., 2016).

Kommunikasjon ved bruk av ASK

Når vi skal vurdere korleis vi kan støtte ein person som har ASK som si uttrykksform, må vi alltid legge vekt på å finne uttrykksformer som i størst mogleg grad støttar personen sin kommunikasjon her og no, men som også gjev personen høve til å utvikle seg vidare. Dette er viktig fordi språk er grunnleggande for samhandling, læring og deltaking på alle arenaer (www.regjeringen.no). Menneske med store kommunikasjonsvanskar er kjenneteikna av at kommunikasjonen deira er vanskeleg å kjenne igjen, og at han er ukjend for andre (Blackstone & Berg, 2003). Bruk av alternative kommunikasjonsmiddel endrar flyten, senkar tempoet og påverkar dynamikken i samhandlinga (Beukelman & Mirenda, 2013).

Mange personar med kommunikasjonsvanskar og lite talespråk tar få initiativ til samtalar, kan streve med å svare på initiativ frå andre og stiller sjeldan spørsmål (de Bortoli et al., 2010). Det er derfor ikkje lett

å vere den som skal snakke med personar som har behov for ein alternativ måte å uttrykke seg på. Låge forventningar hos samtalepartnarane gjer at mange blir kommunikative underlytarar (Tetzchner & Martinsen, 2002). Dei vanlegaste fellene folk går i, er enten at dei unngår kontakt og kommunikasjon, eller at dei blir for dominerande i samtalen. Dette kan ein unngå med kunnskap og kompetanse (Bottegaard Næss, 2015). Bottegaard Næss beskriv ein god kommunikasjonspartnar som ein som er tolmodig, motivert og interessert. Tolmod er ein spesielt viktig eigenskap; det tar tid å kommunisere ved hjelp av ASK.

Språkmiljøet skal gje moglegheiter for kommunikasjon

Språkmiljøet skal gje erfaring med å kommunisere og gje tilgang på nye ord og nye måtar å bruke dei på. Eit godt språkmiljø stimulerer til språkleg aktivitet og er viktig for alle (Østvik, 2008). Østvik (2008) har utvikla ein modell med fleire komponentar i eit språkmiljø som må vere til stades for at ein person skal kunne lære og utvikle kommunikasjonen sin med ASK. Språkutvikling er heilt avhengig av at nærpersonar har positive haldningar til ASK, og at dei forstår og anerkjenner at personen får høgare livskvalitet og større sjølvstende ved å bruke ASK. Det krev tru på at personen har noko han eller ho vil seie. Eit godt språkmiljø legg vidare vekt på dei fysiske omgjevnadene, at ein har interessante og spennande tema å snakke om, og at ein har måtar å snakke om dei på.

Sjølv om ein får eit eigna alternativt kommunikasjonsmiddel, vil ein ha behov for å få spesifikk opplæring og øving i bruk av uttrykksforma over lang tid for å få kommunikasjonen til å fungere. Ofte får ein seint tilgang på ei alternativ uttrykksform, og det betyr at ein kan ha gått i fleire år utan å få god nok øving i og praksis med

å kommunisere. Det er dokumentert at barn med typisk språkutvikling ved 18 månaders alder har blitt eksponerte for talespråk i 4380 timar (Korsten, 2011). Forsking har vist at eldre barn med ei typisk talespråkleg utvikling høyrer 125 000 ord i veka med talt språk. Til samanlikning ser eller høyrer barn med behov for ASK 24 000 ord i veka (Sennot et al., 2016). Av dette kan vi forstå at vi kommuniserer mindre med barn som har behov for ASK, både med talespråk og med den alternative uttrykksforma deira. Ein av grunnane til dette er at barn som brukar ASK, treffer færre personar og er på færre arenaer.

Kommunikasjonspartnarar

Kommunikasjonspartnarane er ein spesielt viktig del av det totale språkmiljøet. Dei individuelle haldningane og ferdigheitene som kommunikasjonspartnarane har, er sentrale for at personar som brukar ASK, skal få høve til å kommunisere, delta og vise kven dei er. Om å kommunisere med ASK blir det sagt at dette ikkje er ei ferdigheit vi intuitivt kan, det er noko vi må lære (Udir, 2020). Haldningar kjem til uttrykk gjennom måten vi tenker, handlar og føler på. Haldningar er lette å snakke om, men kan vere vanskelege å konkretisere i ferdigheiter. Østvik (2008) skriv dette om haldningar i arbeid med ASK:

Holdninger kan være som et tveegget sverd; de åpner for muligheter samtidig som de kan virke hemmende for utvikling. Våre holdninger til hvordan personen kommuniserer og til hvilke faktorer som er viktige i personens kommunikasjon vil være avgjørende for utviklingen av et godt språkmiljø.

Mi erfaring er at kombinasjonen av positive haldningar og praktiske ferdigheiter er godt fundert hos personar som eg opplever som gode kommunikasjonspartnarar.

Ulike arenaer og kommunikasjonserfaringar

Vi snakkar om, og er opptatt av, ulike tema i ulike situasjonar. Det blir òg stilt ulike krav til oss, både med tanke på kva innspel det er forventa at vi bidrar med, og med tanke på korleis vi uttrykker oss. Av den grunn bidrar alle arenaer på ulike måtar. Ulike arenaer og ulike kommunikasjonspartnarar gjev oss eit variert tilfang av erfaringar, tema, opplevingar, ord og måtar å kommunisere på. Til dels vil ein snakke på ulike måtar med ulike personar. Dei som møter Imanuel eller andre som uttrykker seg ved hjelp av ASK, og skal få han eller dei i tale, må vere gode kommunikasjonspartnarar. Dei må også gje tilgang på eit språkmiljø der Imanuel og andre får støtte til å seie det dei vil, eller får svar på det dei lurar på. Speech-Language & Audiology Association of Canada (SAC) seier at personar som brukar ASK, har eit stort potensial for språkleg utvikling dersom dei får positive erfaringar med å bruke uttrykksforma si. Gjennom det vil dei kunne kommunisere meir, utvikle eit meir komplekst språk og lære fleire kommunikative strategiar. Dette vil igjen auke sjansen for fleire erfaringar og medverke til at dei blir betre brukarar av ASK (SAC, 2014).

Bli ein møtt som ein som kan, fører det til større sosial aksept og inkludering, høgare sjølvtilitt og større motivasjon for å delta (SAC, 2014). Å forvente kompetanse handlar ikkje om å tru at personen kan alt med ein gong, men at han eller ho er i stand til å lære (Davison-Hoult & Ward, 2018). Det er vanleg at både nærpersonar og dei som jobbar med personar som brukar ASK, legg lista for lågt med tanke på forventningar til både deltaking og læring. «Når vi vet at mange med kommunikasjonsvansker har liten tro på egen evne, og hvis de i tillegg speiler seg i andres lave forventninger, er det ikke rart hvis det påvirker selvbildet.» (Vartun, 2018)

Sosial kompetanse

Alle har behov for å utvikle sin sosiale kompetanse. For ein person som brukar ASK, kan dette vere utfordrande. Det kjem av at sosial kompetanse heng tett saman med språklege ferdigheiter. Språkutvikling skjer berre om ein brukar språket saman med andre. Kommunikativ kompetanse er evna til å kommunisere funksjonelt i naturlege settingar og i daglege aktivitetar og det å kunne møte daglege kommunikasjonsbehov (Light & McNaughton, 2014). Det kan dei fleste av oss. For personar som uttrykker seg gjennom ASK, krev dette tilgang på ei uttrykksform med eit ordforråd som kan nyttast på ulike arenaer, at ein får opplæring i å bruke ho, og eit miljø som har både tid og ambisjonar til å medverke i utviklinga.

For dei fleste av oss er småprat viktig i sosial samhandling. Vi snakkar om vår og vind, om ulike tema som opptar oss. Det er ikkje alltid så informativt, men spelar ei viktig rolle med tanke på å etablere og oppretthalde sosiale interaksjonar, og dermed gje oss fleire språklege erfaringar. Vaksne som brukar ASK, rapporterer at sosiale situasjonar er vanskelege for dei, og meiner spesielt at manglande erfaring med småprat er viktig. Det er krevjande å småprate (Beukelman & Mirenda, 2013). Det optimale resultatet av samhandling der ein brukar eit kommunikasjonshjelpemiddel, er ikkje bruken av symbol eller av sjølve hjelpemiddelet, men det å kunne dele meiningar og vere ein aktiv deltakar i ulike livssituasjonar (ASHA, 2004).

Med tanke på at personar som brukar ASK, får færre kommunikative utfordringar, gjer eg i dette kapittelet eit poeng av å snakke med kommunikasjonspartnarar som møter Imanuel på andre arenaer enn skulen. Synleggjering er viktig med tanke på inkludering og deltaking. Gjennom møte

med ulike personar på ulike arenaer, som for eksempel skulen, på sjukehuset og hos frisøren, får Imanuel ulike og varierte erfaringar med ord og bruken av ord i ulike typar samtalar. Han får òg erfaring med ulike kommunikative hensikter som for eksempel å synleggjere tankar, idear og ønske, og han får fortelje, spørje, krangle eller tulle. Det bidrar til kommunikativ og språkleg utvikling, og dermed akademisk og sosial utvikling. Det skal eg skrive meir om. Først presenterer eg Imanuel.

Immanuel

Immanuel kommuniserer på ein alternativ måte fordi det han kan seie ved å snakke, ikkje er nok til å uttrykke det han har av språk i hovudet. Han må uttrykke seg på ein annan måte.

Då Imanuel var 11 år, fekk han etter søknad til NAV Hjelpemiddelsentral lånt eit kommunikasjonshjelpemiddel, ei Minspeak-talemaskin. Det er ei lita datamaskin med talesyntese. Ikon eller symbol blir sette saman på ulike måtar på skjermen og lesne opp med talesyntese (Statped, 2020). Med Minspeak-en kan Imanuel uttrykke både enkeltord og setningar. Imanuel kan òg skrive på han. Tetzchner og Martinsen (2002) deler personar med behov for ASK inn i tre funksjonelle hovudgrupper: uttrykksmiddelgruppa, støttespråkgruppa og språkalternativgruppa. Kva funksjonell hovudgruppe personen er i, er viktig å vite med tanke på tilrettelegging og krav til kommunikasjonspartnarane. Imanuel vil eg plassere i uttrykksmiddelgruppa. Imanuel forstår mykje meir enn det han kan uttrykke ved hjelp av talespråk. Det betyr at når han skal lære seg noko, kan ein forklare det til han, og han vil i stor grad forstå. Nokre få nærpersonar har ansvar for å gje Imanuel tilgang på ord og lære han korleis han kan hente dei, teknisk, på talemaskina. Som kommunikasjonspartnar kan ein derfor snakke som vanleg til han. For at vi

skal forstå Imanuel, må han bruke talemaskina. Personar i språkalternativgruppa treng ASK både for å forstå og for å kunne uttrykke seg. For dei er det spesielt viktig at kommunikasjonspartnar brukar ASK på same måte som han eller ho sjølv. Det treng ikkje Imanuel, sidan han er i uttrykksmiddelgruppa.

Då Imanuel fekk talemaskina og lærte å bruke ho, fekk han vist at han kunne og forstod meir enn nærpersonane hans trudde. For eksempel viste det seg at han kunne lese mykje betre enn det både skulen og heimen var klare over.

No kan han også, etter å ha fått opplæring, uttrykke seg i lange setningar med ulike typar innhald. Her er nokre eksempel frå samtalar mellom Imanuel og mor: «Jeg kan bestemme selv musikk i bilen, Iron Man», og «Jeg skal ikke til kirke i dag. Nei, takk, mamma». Han kan formidle opplevingar han har hatt, som dette: «Jeg og mamma og pappa, og Elise var til London i juleferien.» Og Imanuel har ein herleg sans for humor, noko han viste då storesøster spurde: «Hva syns du jeg skal ha på meg i selskapet i morgen, Imanuel?» Han svarer: «Null klær!» Alle lo godt, og det kom frå Imanuel: «Jeg bare tulla!»

Den første gongen eg møtte Imanuel, hadde han nettopp fått det nye kommunikasjonsmiddelet sitt. Imanuel var litt sjenert og kunne ikkje seie til meg korleis han ville at eg skulle vere saman med han. Derfor måtte eg hente fram erfaringane eg har frå møte med andre som brukar ASK. Etter at vi hadde sagt hei, sette vi oss ned saman. Imanuel trykte fort på maskina si og sa: «I dag er det 7. september, klokka er 14.52.» Det er ei utradisjonell opning på ein samtale, men det gjev ganske mykje informasjon. Dette var noko eg oppfatta at var viktig, og spennande, for Imanuel å snakke om. Eg tenkte derfor at eg måtte følgje det opp dersom vi skulle få etablert god kontakt. Eg var heldig med datoen og kunne svare:

«Veit du, 7. september, det er bursdagen til mora mi. Ho er 78 år i dag.» Vi fekk etablert eit godt tema å samtale rundt. Datoar, fødselsdagar og tid. Han fortalde meg om kva han hadde gjort og kva han skulle gjere seinare den veka. «I morgen skal jeg til morfar», sa han for eksempel ved hjelp av talemaskina si. Så såg vi på bilete og snakka om dei. Eg kjende at Imanuel likte meg, og eg trur han kjende at eg likte han. Gjennom å kommunisere etablerte vi ein relasjon.

Ved mitt første møte med Imanuel hadde han ikkje brukt talemaskina si i lang tid. Det førte til at det var eg som kommunikasjonspartnar som justerte meg etter han. No når Imanuel er blitt betre til å bruke Minspeak-en, er det naturleg at dei kommunikative krava til han blir annleis – og større. Det er likevel framleis krevjande for Imanuel å ha for stort ansvar i samtalar. Han har berre tre års øving i å bruke denne uttrykksforma, så sjølv om han forstår det meste, kan ein enno ikkje forvente at han skal kunne kommunisere optimalt. Det krev meir opplæring og erfaring.

Vidare i kapitlet vil eg presentere informantane og deretter belyse kvifor vi må legge til rette for bruk av ASK på ulike arenaer, for å slik kunne medverke til eit inkluderande fellesskap.

Kommunikativ utvikling på ulike arenaer

Tidleg i januar i år møtte eg alle informantane mine. Dei hadde fått informasjon om boka, og dette kapitlet, og dei hadde fått ei oversikt over tema eg ville intervju dei om. Eg gjorde opptak av intervju og transkriberte dei i etterkant. På skulen intervju eg først to medelevar som har kjent Imanuel i mange år, og deretter ein vernepleiar som har jobba med Imanuel i 8. klasse. Så møtte eg Imanuel og mora og drog saman med dei til frisøren. Eg intervjuar frisøren medan han klypte Imanuel. Imanuel

kommenterte samtalen vår litt innimellom. Så køyrde vi saman til sjukehuset, der vi møtte legen. Intervjua varte i mellom 30 minutt og ein time.

Arena: skulen

Immanuel går i 8. klasse. Eg møter dei to medelevarne og vernepleiaren eit halvt år inn i skuleåret.

Før Imanuel starta på ungdomsskulen, fekk dei som jobbar der, informasjon om måten Imanuel kommuniserer på. Litt frå barneskulen, mest frå familien. Mellom anna fekk skulen ein film som mor og storesøster hadde laga. Som skule lærte dei svært mykje av filmen, fortel vernepleiaren. Vernepleiaren har vidare jobba med å dele informasjon i teamet som er tettast på Imanuel, og også med heile personalgruppa. Vernepleiaren seier at for ho har det vore viktig å vise respekt overfor både Imanuel og familien hans gjennom å prøve å sette seg inn i Imanuel sin situasjon. Som eksempel på dette, seier ho, har ho lagt vekt på og jobba for å vise at talehjelpemiddelet til Imanuel er stemma hans. Ho seier:

Minspeak er en del av Imanuel, dette er faktisk stemmen hans. Jeg ville ikke avbrutt deg om du ikke fant ordene. Av og til så hører jeg «Men vi bare fortsetter vi, så snakker du når du er klar». Hvilke signal sender du da?

Ho understrekar at dei som er i språkmiljøet, treng ulik oppfølging alt etter kva rolle dei har saman med Imanuel. Nokre må kunne meir enn andre, men alle må kunne nok til å forstå. Dei har vore opptatt både av korleis dei sjølve snakkar og er saman med Imanuel og andre, og av korleis Imanuel kommuniserer og er.

Erfaringa om at det er viktig at dei andre forstår Imanuel, har også dei to vennane gjort seg. Dei har kjent Imanuel i mange år og er mykje saman med han også på fritida.

Tidleg i haust hadde dei to ein presentasjon i klassen. Dei fortalde om Imanuel, kva han likar, og korleis han kommuniserer. Imanuel deltok ikkje på presentasjonen, han syntest det vart vanskeleg. Det dei fortalde, hadde dei utarbeidd saman med Imanuel og mor hans. Den eine vennen seier:

Jeg prøver å vise andre hvordan Imanuel er, for at de skal forstå han. Jeg har hatt med meg venner hjem eller på kino sammen med han og andre. Du må jo si det, når du møter nye folk, at han kommer til å skrike ganske mye, men han skriker bare for glede, sant. Det er rart, men det er jo fint også, for det er jo hans måte å vise at han er glad, sant! Nå er det ingen som snur seg når han lager de lydene.

Erfaringa vennane og vernepleiaren gjorde seg, er at den forståinga informasjonen skapte, gav dei andre elevane mot til å snakke med Imanuel. Og dei lærte korleis dei skulle snakke med han. For eksempel at dei ikkje skulle bruke baby-språk. «De andre må bare vite at han er helt som andre, helt briljant, helt vanlig, han kan bare ikke snakke! Du som skal snakke med han, må snakke vanlig, og ikke med babyspråk.»

Informasjonen vart viktig for aksepten og involveringa av Imanuel i klassen. Perspektiva som gjeld læringsutbytte og utvikling, ligg hos fleire partar. Verdien i dette ligg ikkje berre hos Imanuel, seier vernepleiaren. Medelevane til Imanuel, både dei to eg snakka med, og resten av klassen, og, ifølgje vernepleiaren, heile skulen, har lært mykje om kommunikasjon dette halvåret. Verdien av å kunne uttrykke seg har blitt tydeleg. Både for den enkelte og for skulen som miljø. Det har ført til større sosial aksept, og Imanuel deltar aktivt på skulen og i klassen. Han har fått høgare sjølvtilit og møter verda på ein annan måte enn tidlegare. Dette opplever både vennane

og vernepleiaren. Det gjev han større høve til å stå opp for seg sjølv, påverke og delta. Gjennom å ha tilgang til språket får Imanuel vere ein aktiv part i fellesskapet.

I tillegg til å få informasjon er klassen også involvert i vidareutvikling av innhald på Minspeak-en til Imanuel. Medelevane har mellom anna hatt i oppgåve å lage ei liste over ungdomsuttrykk som han bør ha på talemaskina si. Eksempel på ord som Imanuel fekk inn i talemaskina si, er: «snitch» (nokon som sladrar), «chiller» (slappe av, ta det med ro) og «irr» (irriterande). Dette er ord som er viktige sosialt. I tillegg er det viktig at skulen kan bidra med eit ordforråd som gjer at Imanuel kan delta i faglege samtalar.

Vernepleiaren uttrykker at «respekt» for ho heng saman med å «sette seg inn i den andre sin situasjon». Klassen til Imanuel har prøvt ulike typar rollespel. Dei har lært seg handteikn, dei har peikeprata med tema-tavler, og dei har ført samtalar der ein av dei berre hadde lov til å svare med ja og nei. Ein kommentar frå klassen var: «Immanuel er sykt god på det her!!» Gjennom den erfaringa i klassen, og samtalar dei har hatt etterpå, opplevde vernepleiaren at det skapte større forståing og respekt for Imanuel: «Det er lett å undervurdere han, så det er viktig å vise hva han kan. Andre får respekt av det.» Ei erfaring som kom opp i samtalan i klassen, var at det var viktig å bruke tid og å vente på at den andre får uttrykke seg. Etter kvart som alle er blitt betre kjende, har personalet på skulen oppdaga at Imanuel eigentleg ikkje skil seg frå dei andre ungdomane i så stor grad. Han likar rock, spennande filmar, kule klede og frisyrrar, og han likar å bli utfordra med tanke på læring. Han trer dermed fram for dei andre som person.

For Imanuel sin del er det ikkje så viktig at mange i språkmiljøet kan bruke hans spesifikke kommunikasjonsmiddel, i og med at han er i «uttrykksmiddelgruppa» (Tetzchner & Martinsen, 2002). Likevel vil

ferdigheiter i å kommunisere på ein annan måte enn gjennom talespråket vere nyttig for alle. På den måten vil ein erfare kor lang tid det tar å uttrykke seg med hjelpemiddelet, og kva ein kan seie. Mange vil erfare at dei reduserer omfanget av det dei seier, fordi opplevinga av å bruke av andre si tid gjer så mykje med deg. Det kan medverke til at ferdigheiter som å utvise tolmog, vente og lytte (Beukelman & Mirenda, 2013) blir tydelege for ein sjølv. Forståing for personen som brukar ASK, kan bli styrkt.

At medelevane er involverte i kommunikasjonen til Imanuel, har hatt mykje å seie for klassemiljøet, seier vernepleiaren. Ho uttrykker det slik: «Ungdommene verdsetter og har et naturlig forhold til annerledeshet. Det er greit å være annerledes, eller ulik.»

Ein del forskning dokumenterer at det ikkje alltid er slik, og det finst ulike grader av aksept og anerkjening. Erfaringane frå dei tre representantane på skulen er i alle fall positive. Vernepleiaren set vidare fingeren på noko sentralt når ho seier:

Jeg tror der er en frykt for å ikke møte dette riktig, mange blir redde. Men du må tørre å stille spørsmål! Jeg synes jo at dette er kjempegøy. For meg er det sånn, men der er vi jo forskjellige. Ikke alle sier: «Jeg elsker ASK!»

Vernepleiaren seier at ho er blitt meir bevisst sin eigen kommunikasjon etter at ho vart kjend med Imanuel. «Det jeg sier, må jo henge sammen med det jeg gjør.» Ho fortel at ho no bevisst brukar gestar, kroppsspråk og mimikk. «Jeg viser at jeg er interessert, gjennom kroppsspråket mitt, ved å lene meg litt fremover mot den jeg er sammen med. Gjennom bevisst å vise interesse og begeistring forsterker jeg det som skjer mellom oss.»

På skulen møter Imanuel ulike kommunikasjonspartnarar som har varierende grad av kjennskap til han og måten han kommuniserer på. Det kan potensielt gje han både sosial og læringsmessig utvikling.

Det krev at skulen tar ansvar som både språkleg, sosial og fagleg læringsarena for Imanuel og for dei andre elevane. I mindre grad enn på dei andre arenaene kan utbyttet for dei deltakande partane på skulen vere basert på tilfeldigheiter. Det krev bevisst og målretta jobbing med kommunikasjon, språk og deltaking frå skulen si side.

Arena: sjukehuset

Legen har kjent Imanuel både før og etter at han fekk Minspeak-maskina. Han har møtt mange som kommuniserer på alternative måtar, og opplever at kva ein fokuserer på i møte med denne gruppa, dei siste åra har endra seg til å handle meir om bruken av orda:

Før var vi opptatt av å lære ordene, men man må jo kunne kommunisere. Og da må du jo bruke det du har. Kommunikasjon, det er jo alt, kommunikasjon kommer først. Det hjelper jo ikke å ha ordene hvis du ikke kan bruke dem!

I samtalen vår trekker legen fram ei haldning ein bør ha i møte med andre, og spesielt i hans rolle som lege overfor pasientane: «Hvis du lurer på om et menneske du snakker med, har redusert forståelseskapasitet, da skal du anta at de ikke har det. Og møte dem med det utgangspunktet. Anta at de har god kompetanse.» Legen seier at han opplever at ein del pasientar blir sjokkerte dersom dei blir møtte med forventningar. Vidare seier han: «Dette er så ekstremt viktig! Spesielt ved god språkforståelse, det er så ekstremt viktig å legge til rette for å kunne uttrykke seg.» Vidare snakka vi om at du ikkje bør velje enklare tema eller tru at den du snakkar med, ikkje forstår deg. Det øydelegg samhandlninga, fordi den andre personen «avslører» deg. Dersom du tar feil, og har møtt den andre med for høge forventningar, er det lett å gjere noko med det.

Legen formidlar at det skjer noko dersom du møter den andre med for låge forventningar, då kan han eller ho tenke: «Enda en som ikke ser meg.»

Undervurdering gjev dårleg sjølvtilitt og fører til manglande lyst til å kommunisere med andre (Vartun, 2018). Å bli møtt som ein som kan, fører derimot til større sosial aksept og inkludering, høgare sjølvtilitt og større motivasjon for å delta (SAC, 2014). Å forvente kompetanse handlar ikkje om å tru at personen kan alt med ein gong, men at han eller ho er i stand til å lære (Davison-Hoult & Ward, 2018). Ei viktig grunnhaldning du kan ta med i samtalar med personar som treng ASK, kan derfor vere ei forventning om at han eller ho kan kommunisere og lære (Østvik, 2008).

Legen underbygger det han seier om å ha forventningar, på denne måten: «Jeg er totalt respektløs, i den form at jeg er uredd for om jeg dummer meg ut!» Kva forventningsnivå ein skal legge seg på, er ofte vanskeleg når den du møter, ikkje synleggjer kompetansen sin gjennom talespråk, og kanskje heller ikkje gjennom handlemåtene sine. Det er vanleg at både nærpersonar og dei som jobbar med personar som brukar ASK, legg lista altfor lågt med tanke på forventningar til både deltaking og læring (Tetzchner & Martinsen, 2002, Vartun, 2018).

I møtet med sjukehuset, og med denne legen spesielt, blir Imanuel utfordra i andre typar samtalar enn på skulen. Han må seie noko om korleis han har det, om det har skjedd noko spesielt sidan sist, og han blir utfordra til å kunne påverke i eiga behandling. For å kunne delta i ein slik samtale treng han til dels andre typar ord og uttrykk enn dei han treng på skulen. Legen bidrog i samhandlinga ved å forvente at Imanuel kunne bidra, og ved å gje han tid og høve til å respondere.

Eit år etter at Imanuel første gongen takka nei til å vere med legen på forelesing med

120 medisinstudentar, sa han likevel ja til å bli med. Etter forelesinga sa legen: «Det at han lynraskt kunne si det han ville, man blir jo så imponert!»

Eg har spurt Imanuel om kvifor han endra meining, det har eg ikkje fått svar på. Min teori er at sjølvbiletet til Imanuel på dette tidspunktet var blitt mykje betre. Han hadde fått eit års ekstra erfaring, og tilsvarande positive tilbakemeldingar frå miljøet sitt. Tenk kor viktig det var at legen såg verdien i det og spurde igjen, og at Imanuel torde å svare ja denne gongen. Legen summerte opp kvifor han var opptatt av å la medisinstudentane møte Imanuel, på denne måten:

Studentene lærte enormt mye av å møte Imanuel. De glemmer aldri møtet med han, de skjønner mange ting. Hvor de skal legge lista, og hvor avgjørende kommunikasjon er, og hvor høyt press det er innenfra for å kunne kommunisere. At det ikke er selvsagt at man kan kommunisere med talespråk. Betydningen av det å kunne gjøre seg forstått er helt enorm!

Arena: frisørsalongen

Håret til Imanuel er tjukt og veks fort. Derfor er han ofte hos frisøren, og dei kjenner kvarandre ganske godt. Dei har ein relasjon som har bygd seg opp over tid. Frisørar er kjende for si gode evne til å småprate. Denne frisøren er også god på det. Han har ikkje fått opplæring i bruken av kommunikasjonsmiddelet, men han har fått ei forklaring frå mora om korleis Imanuel kommuniserer, og korleis han som kommunikasjonspartnar kan møte Imanuel på best mogleg vis.

Frisøren fortel med innleving korleis han tar med seg sine erfaringar frå alle samtalar inn i nye møte, også dei han har med Imanuel. For frisøren er dette viktig: «Å være opptatt av den som du snakker med. Jeg må være interessert i den som sitter i stolen! Interesse og forventning er kanskje to sider av samme sak?» Frisøren har ein

gjennomgripande tanke om dette for alle kundane sine: «Jeg liker når kundene går herifra og rister på hodet og tenker 'det var en merkelig opplevelse'!»

Eg såg dette då eg var saman med Imanuel og frisøren. Samspelet deira var prega av gjensidig interesse, kreativitet, tull og tøys, samtidig som respekten mellom dei var tydeleg. Frisøren seier vidare dette:

Jeg har så mye selvtillit at jeg ikke er så redd for å prøve. Det er ikke så mye som er farlig. Sånn er det med alle jeg møter. Og så har det gått «bra» såpass mange ganger at det tar jeg med meg. Da tør jeg å utfordre meg selv videre.

Det eg også observerer, er at samtalane mellom Imanuel og frisøren har ein annan type innhald enn på skulen og på sjukehuset. Her vil Imanuel igjen kunne bruke ordet «chiller», sjølv om eg ikkje observerte det. Hos frisøren handlar det om småprat og enkle tema, som kattane til Imanuel eller hundane til frisøren. Eller kva type musikk dei likar. Frisøren til Imanuel likar opera, det gjer ikkje Imanuel. Småprat er krevjande for personar som brukar ASK (Beukelman & Mirenda, 2013, SAC, 2014). Samtidig veit vi at slik småprat er av stor verdi med tanke på å etablere og oppretthalde sosiale relasjonar for oss alle. Derfor er kanskje den språklege kompetansen Imanuel kan ta med seg frå frisørsalongen, den kompetansen som med tanke på livsmeistring og deltaking kan bringe han lengst?

Oppsummering

Språk lærer vi gjennom erfaring. Når eit barn lærer seg å snakke, er det gjennom å bli sett, lytta til og kommunisert med. Når ein person har behov for ASK og skal kommunisere på ein alternativ måte, er han eller ho heilt avhengig av å ha tilgang på kommunikasjonspartnarar som tør å sjå, lytte og kommunisere med han eller ho. Erfaringar med kommunikasjon og bruk av språket er viktige. Imanuel har fått eit talehjelpemiddel, men dette er berre orda hans. For at Imanuel skal «bli god», må han ha nokon å kommunisere med.

Det er deg, meg og oss han må kommunisere med. Imanuel og kommunikasjonspartnarane hans viser oss dette i praksis. Imanuel blir sett og lytta til. Gjennom alternativ kommunikasjon har Imanuel fått tilgang til nye måtar å tileigne seg og vise kunnskap på. Gjennom å vere aktiv i ulike språkmiljø har han fått erfaringar med ulike typar samtalar. Og fordi Imanuel møter engasjerte kommunikasjonspartnarar med positive haldningar, som til dømes openheit, tid, tolmod og forventning, og ferdigheiter som for eksempel å tore, vente og lytte, utviklar både Imanuel og kommunikasjonspartnarane hans seg.

Takk, Imanuel, og til dei du har rundt deg, for at eg får fortelje!

Bli betre kjend med Imanuel

Du kan bli endå betre kjend med Imanuel på Statpeds e-læring i ASK her: <https://www.statped.no/laringsressurs/ask/e-laring-grunnkompetanse-i-alternativ-og-supplerende-kommunikasjon-ask/>, eller i denne artikkelen frå StatpedMagasinet nr 2. 2017 s. 48-50. <https://www.statped.no/statpedmagasinet/>



Litteratur

- American Speech-Language-Hearing Association (ASHA). (2020). Henta fra https://www.asha.org/PRPSpecificTopic.aspx?folderid=8589942773§ion=Key_Issues
- Beukelman, D. & Mirenda, P. (2013). *Augmentative and alternative communication: Supporting children and adults with complex communication needs* (4. utg.). Baltimore, MD: Brookes.
- Blackstone, S. & Hunt-Berg, M. (2003). *Social Networks – A communication inventory for Individuals with Complex Communication Needs and their Communication Partners: inventory booklet*. Monterey, CA: Augmentative Communication.
- Bottegaard Næss, K.-A. (2015). God kommunikasjon med ASK-brukere. I K.-A. Bottegaard Næss & A.V. Karlsen (red.), *God kommunikasjon med ASK-brukere* (s. 15–46). Bergen: Fagbokforlaget.
- Davison-Hoult, A. & Ward, C. (2018). *An Introduction to AAC for People with Rett Syndrome and other Complex Communication Needs*. Rett syndrome UK.
- De Bortoli, T., Arthur-Kelly, M., Mathisen, B., Foreman, P. & Balandin, S. (2010). Where are teachers' voices? A research agenda to enhance the communicative interactions of students with multiple and severe disabilities at school. *Disability and Rehabilitation*, 32(13), 1059–1072. <https://doi.org/10.3109/09638280903410730>
- Eberhart, B., Forsberg, J. Fäldt, A., Nilsson, L., Nolemo, M. & Thunberg, G. (2017). *Tidiga kommunikations- och språkinsatser till förskolebarn*. Föreningen Sveriges Habiliteringschefer.
- Korsten, J. (2011). *AAC: Systemic Change for Individual Success*. Henta fra <http://www.janefarrall.com/aac-systemic-change-for-individual-success/>
- Light, J.C., & McNaughton, D. (2014). Communicative competence for individuals who require augmentative and alternative communication: A new definition for a new era of communication? *Augmentative and Alternative Communication*, 30, 1–18.
- Look Howery, K.L. (2015). *Literature Review: Conditions for Success in Augmentative and Alternative Communication Practice*. Speech-Language & Audiology Association of Canada (SAC).
- Lund, S.K., & Light, J. (2007). Long-term outcomes for individuals who use augmentative and alternative communication: Part III – contributing factors. *Augmentative and Alternative Communication*, 23, 323–335.
- Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (LOV-1998-07-17-61). Henta fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Rasmussen, T.D. (2015). ASK-brukeren som en interessant person og kommunikasjonspartner: et foreldreperspektiv. I K.-A. Bottegaard Næss & A.V. Karlsen (red.), *God kommunikasjon med ASK-brukere* (s. 15–46). Bergen: Fagbokforlaget.
- Regjeringa. (2003). FNs konvensjon om barnets rettigheter. Henta fra https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf%C2%A0
- Regjeringa. (2008). *Språk bygger broer – Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne* (Meld. St. 23 (2007–2008)) Henta fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-23-2007-2008-/id512449/?ch=4>
- Sennot, S.C., Light, J.C. & McNaughton, D. (2016). AAC Modeling Intervention Research Review. *Research and Practice for Persons with Severe Disabilities*, 41(2), 101–115.
- Statped. (2020). Minspeak® – undervisningsmateriell. Henta fra <https://www.statped.no/laringsressurs/ask/min-speak/>
- Tetzchner S.V. og Martinsen, H. (2002). *Alternativ og supplerende kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Utdanningsdirektoratet (Udir). (2020). Alternativ og supplerende kommunikasjon. ASK i skolen. Henta fra www.udir.no/ask

- Vartun, M. (2018). – Lær barn som mangler talespråk sosiale ord! Henta fra <https://www.uv.uio.no/isp/forskning/aktuelt/aktuelle-saker/2018/barn-som-mangler-talesprak-sosiale-ord.html> Østvik, J. (2008). Språkmiljø – tanker om prinsipielle og praktiske sider. *Dialog*, nr. 2, s. 18–22. Oslo: ISAAC Norge.

Redaksjon: Siv Hillesøy, Eli Marie Killi, Ann-Elise Kristoffersen
Design og illustrasjoner: Miksmaster Creative · www.miksmaster.no
Utgiver: © Statped, Oslo 2020
www.statped.no

ISBN 978-82-323-0352-6 (trykt utgave)
ISBN 978-82-323-0353-3 (elektronisk utgave)



Innenfor en sosiokulturell forståelsesramme skjer barns læring og utvikling gjennom deltakelse i sosiale fellesskap – hvor fellesskap med jevnaldrende er av særlig betydning. Barns deltakelse i læringsfellesskap med andre barn, eller tilrettelegging for slik deltakelse, er derfor et gjennomgående tema i antologien.

Bidragstyperne er rådgivere i Statped med erfaring fra ulike fagområder. De redegjør for ulike tilnærminger som bygger på erfaringsbasert og forskningsbasert kunnskap. Alle har til felles at de gjennom sin rådgivningsvirksomhet har vært tett på praksisfeltet. I antologien deler de erfaringer fra samarbeidet med barnehager og skoler i arbeidet med å utvikle en kunnskapsbasert praksis.

Antologien retter seg mot studenter og ansatte som jobber i barnehage og skole, og andre som har interesse for fagfeltet.

